

Notat

Dato: 27.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-587
Saksbehandlar: thoaare

Til: Fellesnemnda

Frå: Fylkesrådmennene

Fylkesutvalet i Hordaland, 21.02.18 - oversendingsforslag om verdiane i Sogn og Fjordane Energiverk (SFE)

På møte i fylkesutvalet i Hordaland, 21.02.18, sette representanten Pål Kårbo (Krf) fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Eg syner til ulike mediaoppslag og pressemelding frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 12. februar 2018, der Sogn og Fjordane fylkeskommune vil sikre at verdiane i SFE (Sogn og Fjordane Energiverk) vert verande i dagens Sogn og Fjordane.

Eg ber rådmannen om ei vurdering av korleis eit slikt vedtak, og ein slik intensjon er i høve til intensjonsplanen kap. 7, samt Inndelingslova. Er dette ei sak som må handsamast i Fellesnemnda, kfr. at fellesnemnda skal laga vedtekter for fondet?»

Kårbo sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillerne utan realitetsbehandling.